

Ord og omgrep i opplæringslova

Her er ei liste over nokre omgrep i dagens opplæringslov, som er endra i ny opplæringslov.

REGELVERK | SIST ENDRET: 24.04.2024

Endringar

Omgrep i dagens regelverk	Omgrep i nytt regelverk
Spesialundervisning	<ul style="list-style-type: none">• Individuelt tilrettelagd opplæring• Personleg assistanse• Fysisk tilrettelegging <p><i>Sjå utdjuping nedanfor</i></p>
Tidleg innsats	Intensiv opplæring
Tospråkleg fagopplæring	Tospråkleg opplæring i fag
Særskild norskopplæring	Forsterka opplæring i norsk
Grunnskoleopplæring for vaksne	Førebuande opplæring for vaksne
Ordensreglement	Skolereglar
Knutepunktskole	Skole som har opplæring i og på teiknspråk
Grunnkompetanse	— <i>Sjå utdjuping nedanfor</i>

Vidaregåande nivå 1/Vg1 osv.	Vidaregåande trinn 1 osv.
Lærlingar/lærekandidatar/praksisbrevkandidatar/kandidatar for fagbrev på jobb	Dei som har eller skal ha læretid i bedrift
Lærekontrakt og opplæringskontrakt	Kontrakt om opplæring
Opplæringskontor	Samarbeidsorgan for lærebedrifter (opplæringskontor)
Vg3 i skole	Opplæringstilbod til dei som ikkje får læreplass
Musikk og kulturskole	Kulturskole
Sosialpedagogisk rådgiving	Rådgiving om sosiale og personlege forhold
Utdannings- og yrkesrådgiving	Rådgiving om utdannings- og yrkesval
Varsle	Melde frå
Skjerpa aktivitetsplikt	Skjerpa plikt til å melde frå
Undervisningsstilling	Lærarstilling

Utdjuping

Spesialundervisning

Dette omgrepet blir no delt i tre ulike omgrep:

- Individuelt tilrettelagd opplæring: Elevar har rett til individuelt tilrettelagd opplæring dersom dei treng det for å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa, sjå § 11-6 i ny lov.
- Personleg assistanse: Elevar har rett til den personlege assistansen dei treng for å kunne delta i opplæringa og få tilfredsstillande utbytte av ho, sjå §11-4 i ny lov.
- Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel: Elevar har rett til dei tekniske hjelpemidla og den fysiske tilrettelegginga dei treng for å kunne delta i opplæringa og få tilfredsstillande utbytte av ho, sjå § 11-5.

Grunnkompetanse

Omgrepet «grunnkompetanse» blir ikkje brukt i ny opplæringslov, fordi reglane viser til kva opplæringa

består av, ikkje kva ho skal føre fram til. Omgrepet grunnkompetanse gjer ikkje i seg sjølv informasjon om kva kompetanse som er oppnådd, da det omfattar både planlagd og ikkje-planlagd sluttkompetanse på eit lågare nivå enn studie- eller yrkeskompetanse.

Andre endringar

Kapittel 9 A blir til kapittel 12: Etter innføringa av kapittel 9 A i 2017, har «9 A-saker» blitt eit omgrep som ofte blir brukt om saker som dreier seg om skolemiljø. I den nye opplæringslova vil paragrafane som gjeld skolemiljø, bli flytta til kapittel 12.

Barn med stort læringspotensial: Omgrepet «evnerike barn» blir ikkje brukt i regelverket, sjølv om omgrepet blir brukt i tidlegare forarbeid og i rettleiing. I forarbeida til ny lov blir «barn med stort potensial for læring/stort læringspotensial» brukt i staden.